



# FJELL KOMMUNE

Servicetorgsjefen

Dato: 16.12.2013  
Vår ref.: 2013/2546 - 27120/201  
Ark.kode:

## Notat

---

**Til:** Helse- og omsorgsdepartementet

**Frå:** Fjell kommune v/Sølvi Fotland Spilde, Politisk sekretariat

---

### **Gjeld: Høyringsuttale - Endringar i alkoholregelverket**

---

Fjell kommune hadde den 03.12.13 ei politisk drøfting omkring endringsforslaga til alkohollova, og vil gje følgjande uttale:

- Fjell kommune er positiv til innføring av eit prikkbelastningssystem. Kommunen trur det vil gjere arbeidet lettare når det gjeld å vurdere inndragingsspørsmål. I tillegg vil det for bransjen vere meir konkret reglar å forhalde seg til, og forhåpentlegvis også førebyggjande i høve til brot på regelverket. Vi får også eit system som vert likt over heile landet, samstundes som at dette er ei utprøvd ordning i fleire kommunar. Fjell kommune har ikkje føresetnad for å vurdere den praktiske utforminga av ei ordning med prikkbelastning.
- Fjell kommune er positiv til innføring av auka krav til kontroll med sals- og skjenkeløyver. Dette vil truleg gjere kontrollane betre. Vi ser det slik at dersom eit prikkbelastningssystem vert innført vert det nødvendig med dei føreslegne auka krava til kontrollane. Det vil vere nødvendig med to kontrollørar for å sikre ei grundig vurdering av situasjonar som kan gje prikkbelastning for den enkelte sal- og skjenkestad. Det er viktig at dette vert gjort på ein god og grundig måte. Då er det også nødvendig at det vert utarbeidd ein kunnskapstest som kontrollørane må bestå. Det å halde fleire kontrollar på tidspunkt kor sjansane for brot er større, vil truleg verke meir førebyggjande og auke sjansane for å nå alkohollova si målsetjing om redusere dei samfunnsmessige og individuelle skadane ved alkoholbruk. Fjell kommune har ikkje føresetnad for å vurdere korleis ei slik ordning bør utformast.
- Fjell kommune er positiv til at dei kostnadane kommunane vert påført i samband med føreslåtte endringar i alkohollova, vert dekkja gjennom ei gebyrauke. Kommunen er også positiv til ei oppdeling av gebyra i eit søknadsgebyr og eit omsetningsgebyr. Fjell kommune meiner at dagens gebyr ligg på eit nokolunde rett nivå, men med ei endring i alkohollova slik det vert skissert i høyringssaka, vert det ei merkbar auke i saksbehandlingsmengda. Dette må etter Fjell kommune si meining dekkast inn gjennom

gebyr. Fjell kommune har ikkje pr. i dag utfordringar med hyppige eigarskifte i serverings- og skjenkenæringa, men ønskjer likevel innføring av eit eige søknadsgebyr.

Med helsing

*Sølvi F. Spilde*

Sølvi Fotland Spilde  
saksbehandlar